

# Føresegner og retningslinjer

## Kommunedelplan for sjøareala 2024–2036

Plan-ID 15282020002. Saksnr. 20/3528 Dato forslag: 20.03.2024

### 1 Hensikta til planen

Formålet med kommunedelplan for sjøareala 2024–2036, som er utarbeidd som del av eit plansamarbeid mellom dei tre kommunane Fjord, Stranda og Sykkylven, er å forvalte bruk og vern av sjøområda til kommunen gjennom ein heilskapleg og kunnskapsbasert plan.

### 2 Rettsverknaden til planen

Planen har juridisk verknad for areal innanfor planavgrensinga i plankartet som blir vedteke saman med føresegnene i dette dokumentet. Planavgrensinga mot land følgjer generalisert kystkontur (flomålet), med unntak av der arealdelen eller reguleringsplanen i kommuneplanen har byggje- eller anleggsformål ut i sjø. Planen gjeld på vassflata, i vassøyla og på sjøbotnen.

Retningslinjer i dette dokumentet utdjupar føresegnene, eller viser til andre regelverk som gjeld for tiltak/verksemd, og er rettleiande for tiltakshavere og saksbehandlinga til kommunen mm.

#### 2.1 Forholdet til kommuneplanens arealdel og kommunedelplaner (§ 1-5)

Planen erstattar areal i sjø i gjeldane kommuneplanars arealdelar.

Kystsoneplana gjeld ved motstrid føre følgjande kommuneplanar:

- 27.05.2013: Kommuneplanens arealdel 2013 - 2025 - Sykkylven kommune
- 16.12.2019: Kommunedelplan for sentrum-Ikornnes 2019-2029 – Sykkylven kommune

Andre delar av kommuneplanens arealdel, under dette føresegnene, gjeld ved sida av kystsoneplanen.

#### 2.2 Forholdet til reguleringsplanar (§ 1-5)

Gjeldande reguleringsplanar innanfor planavgrensinga, vedteke før sjøarealplanen, gjeld så langt arealformål eller føresegner ikkje er i strid med sjøarealplanen. Ved eventuell motstrid gjeld sjøarealplanen føre reguleringsplanen.

#### 2.3 Forholdet til andre lovverk (jf. § 21-5)

Alle tiltak/byggje-/anleggsarbeid i sjø krev behandling etter hamna og farevasslova, i tillegg til pbl, uavhengig planstatus.

*Retningslinje: Før det blir gitt løyve til tiltak etter plan- og bygningslova, skal det vera vurdert om tiltaket òg krev løyve etter andre lovverk som hamne- og farvasslova m.fl.*

### **3 Generelle føresegner**

#### **3.1 Plankrav, rekkjefølgjekrav og innhaldet i utbyggingsavtalar**

##### **3.1.1 Plankrav (§ 11-9 nr. 1)**

Større byggje- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn krev reguleringsplan.

Akvakulturanlegg er unntatt krav om reguleringsplan. Desse anlegga blir nærare vurdert etter akvakulturloven ved konsesjonsbehandling.

#### **3.2 Miljøkvalitet, landskap, natur og friluftsliv**

##### **3.2.1 Støy (§ 11-9 nr. 1)**

Alle tiltak som inneber støyande verksemd skal planleggjast og prosjekterast slik at støy for tilgrensande støyfølsom busetnad, og dessutan viktige natur- og friluftslivsområde, ikkje overstig gjeldande grenseverdiar i tabell 2 og 3 jf. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442/2021 (eller nyare versjon).

##### **3.2.2 Omsynet til landskap, natur og friluftsliv (§ 11-9 nr. 6)**

Byggje- og anleggstiltak skal utformast slik at viktige landskapsverdiar ikkje ringast.

Tiltak og verksemd etter planen skal ta vare på naturverdiar, vassmiljø, gyteområde for fisk og friluftslivsinteresser. Marine naturtypar og leveområde for sårbare artar registrert i Naturbase skal takast omsyn til ved all planlegging og i kvar enkelt byggjesak. Tiltak som kan forringe verdien eller funksjonen til desse områda blir ikkje tillaten.

Gyte- og oppvekstområde som er verifiserte av Havforskningsinstituttet skal takast omsyn til ved all planlegging og i kvar enkelt byggjesak. Tiltak som kan forringe verdien eller funksjonen til desse områda blir ikkje tillaten.

*Retningslinjer: Tiltak og verksemd etter planen skal hensynta beitedyrs tilgang til og bruk av fjøresona.*

#### **3.3 Estetikk, kulturminner og kulturmiljø**

##### **3.3.1 Omsynet til kulturminne og kulturmiljø (§ 11-9 nr. 6 og 7)**

Det skal i planlegging og i kvar enkelt byggjesak blir teke omsyn til følgjande forhold:

Sikre at tiltaket har god estetisk utforming i samspel med omgivnader. § 11-9 nr. 6.

Det er ikkje tillate å ankra opp flytande konstruksjonar som husbåtar og lekterar meir enn 2 månader utan løyve frå kommunen. § 11-9 nr. 6.

Byggje- og anleggstiltak skal utformast slik at ramma kulturminneverdiar i sjø ikkje ringast.

Før det blir igangsett inngrep i sjøbotn, skal plan eller tiltak leggjast fram for Bergens Sjøfartsmuseum for uttale, jamfør kml. § 14.

*Retningslinjer: Tiltak som berører freda kulturminne/-miljø kan ikkje igangsetjast utan godkjenning frå kulturminnestyresmaktene, jf. kulturminnelova. Meldeplikta i*

*kulturminnelova ved funn av kulturminne i grunnen eller på sjøbotnen gjeld for heile kommunen.*

### **3.4 Infrastruktur**

Etablering av VA-infrastruktur i sjø er tillaten, men skal ta omsyn til miljø, friluftsliv, ferdsel og fiske. Skadereducerende tiltak skal alltid vurderast.

### **3.5 Samfunnsstryggleik**

#### **3.5.1 Tryggleik mot naturfarar (§ 11-9 nr. 8)**

Ved regulering og søknad om konsesjon for akvakultur må kunnskapen om ROS-forhold blir oppdatert og blir vurdert nærare, under dette eventuell avklaring av reell fare.

*Retningslinjer: Samfunnsstryggleiks-, risiko- og sårbarhetsforhold avdekte i ROS-analysen til kystsonenplanen blir føresett lagt til grunn for reguleringsplanar, konsesjon for akvakultur og byggjesaksbehandling.*

#### **3.5.2 Sikker ferdsel og sjønavigasjon (§ 11-11 nr. 3 og 4 jf. 1-8 fjerde ledd)**

Tiltak skal ikkje plasserast slik at dei kjem i konflikt med farleier eller sjønavigasjonsinstallasjonar (som kvit lyktesektor). Oppføring, vedlikehald og fjerning av mindre anlegg for sjønavigasjon blir tillaten i sjø og strandsone (100-meterbeltet).

## **4 Føresegner og retningslinjer til arealformål**

### **4.1 Felles reglar for alle arealformål**

Ved utbygging som gjeld mudring, utfylling og flytting av massar skal grunntilhøva dokumenterast. Er det påvist eller er mistanke om forureina grunn, skal dette også undersøkast. Avklaringane skal dokumenterast ved søknad om rammeløyve, jf. PBL § 11-9 nr. 8.

### **4.2 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (§ 11-7 nr. 6)**

#### **4.2.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (BSV)**

Sjøareal er avsett til ålmenn bruk. Dette er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsel og fiske. Etablering av akvakultur, utfylling og deponering i sjø, og/eller tiltak som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsel eller fiske er ikkje tillate.

Dyreliv knytt til sjøbotn og vassøyla og vegetasjonen, medrekna tang, tare og andre marine planter, skal ikkje utsetjast for skade og øydelegging.

*Retningslinje: Temakart og/eller offentlege datasett (t.d. Yggdrasil) over fiskeriaktivitet og økologi skal nyttast som grunnlag for vurdering av arealdisponering i allmenne sjøområde. Omsynet til og nærleik til gyte- og oppvekstområde for fiskeyngel og fiskefelt skal vektleggjast i konflikttilfelle.*

#### **4.2.2 Hamneområde i sjø (HOS)**

Areal sett av til offentlig hamn/hamneområde/ferjekai. Båthamner med servicebryggje/slipp og sjønære opplagsområde skal vera utstyrt med oljeskillere. Dette vil redusera forureining frå land til sjø.

Bryggjeanlegg og bølgebrytarar bør utformast og plasserast med tanke på å halda oppe tilstrekkeleg vanngjennomstrømning for å halda oppe god vasskvalitet.

Område avsett til hamneområde i sjø (HOS) er i hovudsak ein vidareføring av eksisterande regulering/bruk av områda.

Installasjonar og anlegg i vassoverflata, i sjøvolumet og på sjøbotn som kan vera til hinder for bruken, skal ikkje tillatast.

Det skal ikkje etablerast anlegg, fortøyingar, kablar mv som på nokon måte kan vanskeleggjera bruk av hamneområdene, jf pbl § 11-11 nr. 6

Det kan gjennomførast følgjande tiltak innanfor formålet utan reguleringsplan; mindre utviding av eksisterande kaiar og moloar, bygging av mindre kaiar, utlegging av flytebryggjer mindre enn 12m lang, mindre utfyllingar. § 11-10 nr.3.

Framtidige større hamneutbyggingar (moloar, utdypingar, kaiar, småbåthamn etc) kan berre gjennomførast i tråd med vedteken reguleringsplan. Reguleringsplan skal fastsetja utstrekking både i sjø og på land, og skal omfatta tilkomst, servicebygg, opplagsplass på land med fast dekke, renovasjonspunkt og parkering.

*Retningslinje: Hamne- og farvasslova har eigne føresegner om planlegging og drift av hamner.*

#### 4.2.3 Småbåthamn (SH)

Småbåthamner er anlegg av allmenn karakter der infrastruktur, tilkomst og organisering er tilrettelagd og gir sikker fortøying av båtar inntil 40 fot.

I området SH blir det tillate flytebryggjer, bryggjer og kaiar for småbåt- og yrkesflåten med tilhøyrande anlegg (t.d. flytande bølgevernar). I strandsona blir det ikkje tillaten anna enn nødvendig fortøying (landfeste), båtutsett og eventuelt (vinter-) opplag av flytebryggjer.

For nye småbåthamner med meir enn 10 plassar, molo eller steinfyllingar, blir det kravd reguleringsplan. Reguleringsplan skal fastsetja utstrekkinga til småbåthamna både i sjø og på land, og skal omfatta tilkomst, servicebygg, servicekai, opplagsplass på land med fast dekke og oljeutskilje, renovasjonspunkt og parkering. I planen skal det leggjast vesentleg vekt på miljømessige kvalitetar ved utforming av molo og av landsareal mot hamnebasseng. Planen skal visa løysing for molo, landfeste, tilkomme, parkeringsareal, handtering av avfall med oppsamling av botnstoff etter spyling/båtpuss, eventuelle servicebygg og lyssetjing av anlegg.

Bryggjeanlegg og bølgebrytarar skal utformast og plasserast slik at tilstrekkeleg vanngjennomstrømning blir sikra for å halda oppe god vasskvalitet. Ved regulering av moloar i stein eller betong skal endring av grunnforhold, straumdragsmønster, vassutskifting og mudderdanning greiast ut jf. pbl. § 11-9 nr. 8

Flytebryggjer skal i hovudsak planleggjast for fleire eigedomar og naust.

I offentlege friområde kan det tillatast utlagt flytebryggjer som tener ålmenta, til dømes badebryggjer og gjestebrygger og liknande.

Ved plassering av flytebryggjer og landfeste for landgang skal det leggjast særleg vekt på terrengtilpassing. Flytebryggje og liknande anlegg i strandsona skal ikkje hindra ferdsel for ålmenta. Det skal leggjast til rette for kjeldesortering av avfall i småbåthamner, og miljøfarlig avfall skal takast hand om på ein forsvarleg måte.

*Retningslinjer: Intensjonen med området er ei offentlig småbåthamn der eigarskap og drift tilligger lokal hamnestyresmakt (kommunen). Ved utviding av eksisterande småbåthamner*

*bør arbeid og tiltak som nemnt i første ledd ikkje finne stad før området inngår i reguleringsplan. Forhold som bør vurderast i samband med utviding/etablering av småbåthamn er:*

- *Gjesteplasser (t.d. 1 gjesteplass per 10 utleigeplassar)*
- *Areal som kan fungera som opphaldsplassar og møtestad. –*
- *Servicetilbod.*
- *Korleis behovet til lokalsamfunnet for båtplassar blir teke vare på.*

#### 4.2.4 Akvakultur (AKV)

Område prioritert for akvakultur, jf pbl § 11-11 nr. 7. Bruk av areala skal vera etter dei til alle tids gjeldande krav nedfelt i konsesjonsvilkåra. Akvakultur kan ikkje tillatast i konflikt med ferdsel i bileia og tillatast ikkje innanfor 50 meter frå land.

Følgjande område er reservert for oppdrett av alle artar, jf pbl § 11-11 nr. 7:

#### **Sykkylven kommune**

AKV301	Keipen
AKV305	Rønaset
AKV306	Bugane

Følgjande gjeld alle nye lokalitetar:

a) Heile anlegget, med forflåte og ev. bustader på sjø, skal liggja innanfor område der det blir tillate akvakultur, jf pbl § 11-11 nr 3 – fortøyning kan vera utenfor, under føresetnad av at forankring har tilstrekkelig djupne, er utan bøyemarking eller anna som kan vere til hinder for skipsfarten.

b) Fortøyningar må ikkje hindra fri ferdsel for mindre fartøy mellom anlegget og land. Fortøyningar festa i land skal festast 3m under lågaste lågvatn.

c) Krav om etablering av landstraum eller annan teknologi som gir tilsvarande (dokumentert) reduksjon i støyforureining og CO<sub>2</sub>-utslepp som landstraum.

d) Før etablering skal det leggjast fram dokumentasjon på miljøpåverknaden til anlegget gjennom året.

*Retningslinjer: For å ta områda i bruk til akvakultur krevst løyve etter akvakulturlova. Andre aktivitetar kan skje fritt i området så lenge dei ikkje kjem i konflikt med planformålet.*

### **4.3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 11-7. Nr.2)**

#### 4.3.1 Farlei, juridisk linje

Areal satt av til farlei definerer viktige område for båttrafikk, inkludert sjøareal i hamner og fiskerihamner. Sona dekker normalt ei bredde på 500 meter til kvar side av midtlinja for farleia. I plankartet blir midtlinja vist med streksymbol.

I eller i nærleik av farlei kan det ikkje etablerast anlegg eller installasjonar som er til hinder eller fare for vanleg sjøvegs ferdsel utan godkjenning frå Kystverket eller lokalt hamnevesetn

(etter delegert mynde), jf. pbl § 11-11, nr. 6. Det skal ikkje leggast installasjonar eller andre hindringar i farleiene ned til -15 m (referanse sjøkartnull) under vassoverflata.

I desse områda kan tiltak berre skje etter/i samsvar med forskrift av 30. november 2009 nr. 1477 (forskrift om farleier).

b) Dette er likevel ikkje til hinder for legging og vedlikehald av infrastruktur som ikkje er til ulempe for ferdsel i sjø (sjøleidning for vatn, avløp, straum- og telenett osv.) eller etablering av enkeltstående båtfortøyingar/ankar.

c) Det kan, dersom verknader for grunnforhold, naturmangfald, kulturminne og straumforhold er tilstrekkeleg greidd ut, blir gjort tiltak som etablering av navigasjonsinstallasjonar og mindre utdypingar av farled utan avklaring gjennom reguleringsplan.

*Retningslinjer: Kystverket har ansvar for farleier i sjø og installasjonar som blir knytte til desse. Kystverket kan innanfor desse områda gjera nødvendig vedlikehald, nyinstallasjonar mv som blir sette på som nødvendige for å tryggja ferdselen på sjøen. Dette gjeld òg framtidige farleier til nye hamner i planområdet.*

c) Sektorstyresmaktene må givast høve til å uttala seg.

## **5 Føresegner og retningslinjer til omsynssoner (§ 11-8)**

### **5.1 Ras- og skredfare – omsynssone H310 (jf. PBL § 11-8 a)**

H310\_301: Omsynssona viser fare for flodbølgje som sekundær verknad av fjellskred . I samband med byggetiltak innanfor nemnde omsynssone skal det gjerast eiga risikovurdering for å sikre trygg plassering av anlegg i sjø.

H310\_302: Omsynssona viser potensiell skredfare med grunnlag i aktsemdskart for jord- og flaumskred, steinsprang og snøskred S3. I samband med regulering og søknad om konsesjon til akvakultur må reell skredfare avklarast i samsvar med krav til tryggleik fastsett i byggteknisk forskrift § 7-3.

### **5.2 Høgspenningsanlegg (inkl. høyspentkabler) –omsynssone H370 (jf. PBL § 11-8 a)**

Sona viser høgspenningskabel i sjø og på land. For omsynssone H370 må anlegg bli etablert med avstand til kraftleidning slik at krav etter regelverk under el-tilsynsloven blir overhalde. ((LOV-2009-06-19-103) LOV-1929-05- 24-4 og forvalta av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap).

H370\_301- 302: Omsynssone for høgspenningskabel i sjø og på land

### **5.3 Annen fare - omsynssone H390**

Innanfor aktsemdssone storulukke vert det, før offentleg ettersyn i reguleringssaker, og før rammeløyve kan gis i byggesaker, kravd ROS-analyse/fareutgreiing som dokumenterer at sikkerhetskrav fastsett av DSB kan oppfyllest. Ved endring eller utviding av eksisterande verksemd skal omfang av aktsemdsona vurderast på nytt.

H390\_301- 302: Aktsemdssone storulukke.

### **5.4 Bevaring naturmiljø - omsynssone H560 (jf. PBL § 11-8 c)**

Innanfor sonene skal naturmiljø ha prioritet. Det må ikkje gjevast løyve til tiltak og inngrep som kan forringe området sin naturverdi. Sone der det blir tillagt spesielle omsyn til førekomstar av tareskog og gyteområder ved spørsmål knytt til arealbruk, bygge- og

anleggstiltak. Dyrelivet i tilknytning til sjøbotnen og vassøyla skal ikkje bli utsett for skade eller øydelegging. Avløpsvatn og andre konsentrerte tilførslar av forureining eller utslepp av kjølevatn frå land, skal først utanom området. Forslag om eventuelle tiltak i desse områda må utløysa kunnskapsinnhenting og det må ikkje tillast aktivitet som kan truge eller skada førekomsten.

H560\_301- 321: Omsynssone som omfatter bevaring knytt til verdifulle naturtypar.

H560\_322 – 326: Omsynssone som omfattar bevaring knytt til verdifulle fiskeplassar.